

## Aust-Telemark vassområde

Saksutgreiing til styringsgruppemøtet 06.09.2016

### Sak 10.03 Organisering/ finansiering av Aust-Telemark vassområde 2017-2021

Arbeidet i Aust-Telemark vassområde har vore organisert som eit tidsavgrensa prosjekt med prosjektleiar tilsett i 50 % stilling i Tinn kommune, der Tinn og Vinje kommunar (Notodden kommune t.o.m. 2014), Telemark fylkeskommune og Fylkesmannen i Telemark har delteke med finansiering og kontaktpersonar i styringsgruppa/ arbeidsgruppa. Økonomisk fordeling mellom kommunane til prosjektet (2010-2016) har vore ca 33,3 % for Tinn kommune, og 16,6 % på kvar av dei andre.

I regional plan for vassforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016-2021 er det konkludert med at ei organisering med vassområde og vassområdekoordinatorar tufta på eit spleiselag mellom stat, fylke og kommunar bør oppretthaldast. Både Tinn, Vinje og Notodden gav i høyringa til planen uttrykk for at ei framtidig organisering av arbeidet bør byggje vidare på dagens modell med vassområde og lokal forankring i kommunane.

Notodden kommune deltok både i Aust-Telemark vassområde og Midtre Telemark vassområde t.o.m. 2014. Ved forlenging av prosjektet i 2015 vedtok Notodden å trekkje seg ut av prosjektsamarbeidet i Aust-Telemark. Bakgrunnen var at kommunen har lite areal og få problemstillingar knytta til vassområdet. Samstundes vedtok Notodden å fremje saka seinare for å drøfte modellar for organisering/ finansiering av vassforvaltningsarbeidet i planperiodane 2016-2021, 2022-2027, 2028-2033.

Da sak om vidareføring av prosjektet i 2016 var til handsaming i kommunane, vedtok Tinn kommunestyre (sak 140/15) og Vinje kommunestyre (sak 17/2016) m.a at det "Det skal fremjast eiga sak om fast organisering av vassforvaltningsarbeidet i kommunen/ vassområdet snarast råd etter at den nasjonale evalueringa av arbeidet i vassregionane er ferdigstilt, og seinast i 2017.

Basert på den nasjonale spørjeundersøkinga om planarbeidet 2010-2015, har direktoratsgruppa gjeve råd til departementsgruppa om 12 forbetringstiltak for arbeidet etter vassforskrifta <http://www.vannportalen.no/nyheter/2016/jul-sept/forslag-til-forbedring-av-vannforvaltningen/> . I forbetringstiltak nr. 4 blir vassområdekoordinatorar framheva som ein nøkkel til suksess i vassområda, og det blir påpeika at det må etablerast ei stabil samfinansiering av vassområdekoordinatorar mellom stat, fylkeskommune og kommunane.

Staten har til ei viss grad følgd opp vassforvaltningsarbeidet i statsbudsjettet for 2016. Når ein ser bort frå dei fylka som er vassregionstyresmakt (VRM), fekk Telemark og Akershus vesentleg meir tilskott enn andre fylke sidan desse to fylka har verksame vassområde som kan vise til god aktivitet.

Fylkesutvalet i Telemark handsama 26.05.2016 sak om organisering i Vest-Viken vassregion i sak 63/16, der følgjande vedtak vart fatta:

1. Fylkesutvalet oppmodar vassområda i Telemark om å halde fram organisering med vassområdekoordinatorar i planperioden 2016-2021, alternativt for resten av valperioden fram til og med 2019.
2. Fylkesutvalet anbefaler ei bemanning av vassområdekoordinatorar i Telemark sin del av Vest-Viken vassregion tilsvarande minimum 3,5 årsverk.
3. For å finansiera årsverka nemnd i pkt. 2 anbefaler fylkesutvalet eit spleiselag.

4. Fylkesutvalet anbefaler eit spleiselag som følgjer: Fylkeskommune: 24%, Kommunane: 40%, Stat-lokalt: 12%, Stat-nasjonalt; 24%
5. Fylkesutvalet meiner at innbyggjartal bør nyttast som utrekningsfaktor for spleiselaget.
6. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen sørge for at fylkeskommunal del av spleiselag i planperioden fram til og med 2021 vert lagt inn i langtidsbudsjett og årleg budsjett;- minimum kr. 600.000,-årleg, med dekning frå post Ansvar 4312- Vassforvaltning.
7. Fylkeskommunal deltaking i spleiselag i planperioden 2016-2021 skjer under føresetnad av at stat og kommunar deltek økonomisk.”

#### Økonomisk fordeling mellom kommunane:

Styringsgruppa i Aust-Telemark vassområde sendte 19.05.15 ei henvending til vassregionmyndigheita (VRM) med spørsmål om råd/ synspunkt på korleis vassområdet skal handtere at Notodden meldte seg ut av prosjektsamarbeidet (brev vedlagt).

VRM viste i svaret frå 30.09.2015 til at Notodden, Tinn og Vinje truleg vil ha felles interesse av å samarbeide om oppfølginga av vassforvaltningsplanen, både når det gjeld spørsmål som har betydning for verdsarven og andre felles utfordringar (brev vedlagt). Det vart påpeika at oppfølging av vassforvaltningsplanen ikkje kun er begrensa til gjennomføring av tiltak for å betre vassmiljøet, men også satsingar som berører arealbruk. VRM anbefalte vassområdet om å ta i bruk ein finansieringsmodell som er basert på areal og befolkning som den enkelte kommune har i vassområdet, og henstilte Notodden kommune om å vurdere vidare deltaking i vassområdet basert på ein omforent fordelingsnøkkel.

Notodden drøfta brevet frå VRM på administrativt nivå, og meldte at dei vil vurdere vidare deltaking i vassområdet når ei fast organisering av arbeidet er på plass. Notodden kommune vart invitert til å delta i arbeidsgruppa for resten av prosjektperioden, men utan krav om økonomisk bidrag til prosjektet. Det har ikkje fått konsekvensar for aktiviteten i vassområdet i 2015 og 2016 at Notodden trekte seg ut av prosjektet (budsjettet i 2015/ 2016 dekt opp av bundne prosjektmidlar). Frå 2016 har politisk representant frå Notodden delteke som observatør i styringsgruppa.

Det er sett opp eit forslag til ny fordelingsnøkkel mellom kommunane som har delteke i vassområdet i prosjektperioden. Areal og folkesetnad som kvar kommune har i vassområdet, samt antal vassområde som kommunen deltek i, er vekta for å finne fram til ein meir rettferdig fordelingsnøkkel mellom kommunane. Det totale beløpet som kommunane blir bedd om å betale (kr. 180.000), utgjer ca 39,6 % av samla finansieringsbehov på kr. 455.000. Resterande beløp, kr. 275.000 blir finansiert gjennom bidrag frå fylkeskommunen, Fylkesmannen og statlege midlar (løyvt via Telemark fylkeskommune og VRM). Bidraget til vassområdet frå kommunane blir da som følgjande: Notodden kr. 27.000 (5,9 %), Vinje kr. 45.000 (9,9 %) og Tinn kommune kr. 108.000 (23,7 %). Forslag til ny fordelingsnøkkel mellom kommunane og forslag til budsjett for 2017 er vedlagt.

#### Forslag til vedtak:

For å vidareføre lokalt vassforvaltningsarbeid og bistå vassregionstyresmakta (VRM) med gjennomføringa av Regional forvaltningsplan for vannregion Vest-Viken 2016-2021, tilrår styringsgruppa i Aust-Telemark vassområde kommunane om å vidareføre vassforvaltningsarbeidet for perioden 2017-2021 etter same modell som i prosjektperioden 2010-2016. Styringsgruppa ser det som viktig for å oppnå eit godt lokalt vassforvaltningsarbeid at Notodden kommune deltek i det vidare arbeidet i Aust-Telemark vassområde.